

# Referat frå Alver kulturforum 12. november 2018

**TEMA:** Korleis kan kulturaktørar og -aktivitetar bidra til å skapa interesse for og tilhøyrigkeit til den nye kommunen?

**Stad:** Nordhordlandshallen

**Tid:** måndag 12.november 2018 kl. 19.00

**Frammøtte:** 59 personar frå ulike lag og organisasjonar i Meland, Radøy og Lindås kommunar (sjå vedlagt påmeldingsliste).

Frå kommunane møtte: Eirik B. Utne (kultursjef i Alver), Nina Randal (dagleg leiar i frivilligsentralen i Meland), Camilla Søderstrøm Tvedt (musikkkulerektor i Meland), Eileen M. Feste (konstituert kultursjef i Lindås kommune), Marit Gro Berge (biblioteksjef i Lindås og Meland kommunar), Bente K. Hervik (rådgjevar kultur i Radøy kommune) og Katarina Birkeland (ungdomskoordinator i Radøy kommune).

## PROGRAM:

Musikalsk innslag frå Meland kulturskule.

### **Presentasjon av arbeidet med å byggja kulturavdelinga i Alver kommune v/Eirik B. Utne, kultursjef i Alver kommune**

- Presentasjon av organisasjonskartet for tenesteområde kultur i Alver kommune.
- Eirik B. Utne vert kultursjef i Alver kommune. Tenesteområde kultur får fire avdelingar: Ungdom, fritid og medverknad, Alver kulturskule, Strilabiblioteket og Kulturutvikling, idrett og frivilligheit.

Innplassering i stillingar og organisering av avdelingane vert gjort i løpet av første halvår 2019.

### **Aktivitets- og kulturprogram for Alver kommune januar 2019-januar 2020 v/ Bente K. Hervik, rådgjevar kultur i Radøy kommune**

- Presentasjon av planen med eit aktivitets- og kulturprogram for januar 2019 til januar 2020 i Alver kommune.
- Programmet skal bidra til å skape interesse for og tilhøyrigkeit til den nye kommunen.

Presentasjonen med meir informasjon om aktivitets- og kulturprogrammet er vedlagt.

### **Idéverkstad: Korleis kan kulturaktørar og -aktivitetar bidra til å skapa interesse for og tilhøyrigkeit til den nye kommunen?**

Det vart satt i gang ein kafédialog med fire ulike spørsmål. Deltakarane var i blanda grupper og svara på fire ulike spørsmål ved hjelp av dialog og samarbeid. Spørsmåla var:

1. Kva kan de tenka dykk å bidra med ?
2. Korleis kan kulturarrangement bidra til å skape interesse for og tilhørligkeit til den nye kommunen?
3. Korleis kan me nå ut til og vekkja interessa hjå flest mogleg?
4. Som innbyggjar i Aver: Kva arrangement kunne de tenkt dykk å gå på?

## **Innspel frå gruppene:**

### **Spørsmål 1.: Kva kan de bidra med?**

Det kom fram mange arrangement ein ynskja å ha i Alver. Nokre organisasjonar foreslo arrangement dei kunne tenka seg å gjennomføra og låg fram kven dei ynskja å samarbeide med.

- 4H Marås, Radøy: Arrangerer ein familiedag kvart år. 4H foreslår ein større familiedag for alle, og ynskjer fleire samarbeidspartnere.
- Errors party på Meland: Errors arrangerer LAN-party for ungdom. Dei kan bidra med teknologisk kompetanse på arrangement.
- Radøy ungdomsklubb: dra rundt på besøk i andre organisasjonar
- Klangen av Radøy: Større arrangement i dei tre kommunane. Samarbeid mellom korps, kor og lag.
- Røde kors omsorg: kan bidra på fleire arrangement.
- Ung husflid: samarbeide med 4H om felles arrangement og aktivitet
- Korpsa kan samarbeide med å ha felles seminarer, bidra inn i andre arrangement og ha konsertsamarbeid
- Mental helse Meland: Storsamling for ungdom, gjerne samarbeid med andre
- Seek'n find: fellesnemnda for ungdomsråda i Radøy, Lindås og Meland arrangerar friluftsarrangement. Ynskjer samarbeidspartnere som Røde Kors, turlaget, 4H, kystlag osv.
- Streif (vandring- kulturlandskap på 1.mai)

### **Generelt for organisasjonane:**

- Arrangere lavterskel ungdomsarrangement
- Kompetansedeling
- Kartlegging av naust og båtar
- Fleire konserter- bruke lokale krefter
- Mat frå sjøen
- Oppfinnarveksem
- Kulturmesse for skular
- Lokale bedriftar kan samarbeide med lokale lag

### **Spørsmål 2.: Korleis kan kulturarrangement bidra til å skape interesse for og tilhørighet til den nye kommunen?**

Samarbeid er viktig, ikkje berre samarbeid mellom like lag og organisasjonar i ulike kommunar, men òg samarbeid på tvers av lag. Kor, revygrupper, historielag kan samarbeide på tvers gjennom felles prosjekt. Det kan til dømes lagast spel om historia bak kommunane. Me må sjå på alle muligheitar me får, til dømes med fleire samarbeidspartnere med ulik kunnskap. Me kan alle bidra med kompetansen vår og spele kvarandre gode.

Felles historie og felles bakgrunn, fokus på kulturhistoria kan bidra til å skape tilhøyrigkeit.

For å kunne ta kontakt med andre lag og organisasjoner er det naudsynt å ha oppdatert felles liste over lag og organisasjoner tilgjengeleg.

Me treng ein arena for å drive kultur, me treng eit kulturhus i Nordhordland. Skal ein ha eit rikt kulturliv må ein ha ein samlingsplass og me treng ein tydeleg kulturadministrasjon som vi kan kontakte og som er integrert i kulturlivet.

Det kjem lite folk til dei store kulturvekene, kulturen skal vere levande heile året, betre å spreie arrangementa.

Eigarskap til arrangementa er viktig. Bør jobbe litt som idrettslaga, kan hende ein kan utfordre bygdelaga?

Mykje å lære av Knarvik-mila og måten Helge Brekke jobbar på.

Arrangementa bør byggje på ein kombinasjon av dugnad og stønad.

Flott med den nye kulturkalenderen. Alle lag bør bruke han.

Infrastrukturen må støtte opp om oppbygging av samhald. Du kjem ikkje rundt i den nye kommunen i dag utan å måtte bruke bil på ettermiddagstid.

Med kulturarrangement kan me bygge ned fordommer og heller bli kjent med kvarandre. Me kan spele kvarandre gode. Det kan vere med på å skape gode og trygge ramme for alle arrangement og for kulturlivet i Alver. Me kan vere flinke til å snakke positivt om Alver gjennom arrangement og aktivitet. Ved å ha fleire arrangement kan me fjerne kommunegrenser- fri flyt av mennesker.

Fokus på å integrere og engasjere dei som flytter til Alver. Sette saman ein velkomstpakke til dei som kjem over kulturtilboda.

### **Spørsmål 3.: Korleis kan me nå ut til og vekkja interessa hjå flest mogleg?**

Me kan prøve å nå fram med andre uttryk som er beslektet - vere gode på å invitere inn. Vere flinkare til å opne augene for kvarandre og kvarandre sine uttryk.

Skape møteplassar. Passe på at det er aktivitet og arrangement som passer for alle på tvers av behov og interesse. Ha aktivitet i nærmiljøa. Fokus på integrering, sosialisering og inkludering.

Sette i gang gratis arrangement. Dei trekker andre enn betallingsarrangement.

Det er viktig å få opp eit kulturhus for å samle tilboda. Det er eit sterkt behov for eit kulturhus, sidan det er ingen av dei noverande kommunane som har dette.

Bruke sosiale media og bruke teknologien til å nå innbyggjarane der dei er. Ein kan også oppsøke opp menneske direkte for å informere om arrangement. Ha klare målgrupper og finne riktige kanaler til å nå dei. Ha ein Alver-plattform for innspelingar, der kan alle sjå kva som finst. Vere flinke til å bruke ulike marknadføringkanalar, gode visuelle plakatar og facebookarrangement. Ha fokus på at store arrangement ikkje krasjar, og at synligheten for arrangementa må ha prioritert. Få hjelp av kulturavdelinga til dette og til koordinering av informasjon. (you-tube kanal).

Huske å bruke skulen som ein arena også inn i Alver.

Knytte saman arrangement som korpsa arrangerer. Kan også vere flinke til å koble saman ulike tilbod og ulike organisasjonar på arrangement. Kan ulike arrangement slåast saman til eit stort?

Fokus på å profesjonalisere arrangementa, og ha eit fokus på fornying. Det er eit større høve til spesialisering i ein større kommune. Her er mogligheta større til å kombinere ulike uttrykk.

#### **4: Som innbyggjar i Aver: Kva arrangement kunne de tenkt dykk å gå på?**

##### **Forslag til arrangement i Alver**

- 15 turar i Alver bør fortsette, med nye plassar
- 15 konserter i Alver
- 15 kulturarrangement
- Nye kulturdagar i Alver
- Kystkultur- kystogedagane i Alver
- Ullveke- spinne vidare på
- Alver-festival- på tvers av uttrykk/ sjangar
- Kunst i heile Alver- til dømes påskearrangement
- Quiz på puber
- Roturer, padling, roknappen
- Historiske vandringer – la oss bli kjent i andre bygder
- Aktivitetskvelder for ungdom med ulik aktivitet  
Fleire arrangement som diskotek
- Fiskekonurransar
- Frå bru til bru- robåt
- Familiedagar for alle med kiosk og gøy aktivitetar
- Open brannstasjon
- Førstehjelpskurs for barn og ungdom
- Ellevandring langs Mjåtveitelia og andre plassar
- Kulturhistorie i naturen
- Felles kulturskule konserter
- Temakveldar på biblioteket
- Konserter med lokale kreftar
- Teater og revy (Alver-revy, Alver før og no)
- Internasjonal kafé
- Internasjonal konsert- der nye landsmenn viser fram sin kultur
- Open gard
- Temakveldar rundt i Alver
- Kulturmesse der lag og bedriftar kan presentere seg
- Kurs i til dømes maling
- Informasjonsmøte om arrangement som finst, til dømes for ungdom
- Dansearrangement for alle
- Eldre kan lære ungdommen gammeldans
- Mange ulike festivaler som t.d. bil, teknologi
- Arrangere eit stort ungdomsprogram på verdsdagen for psykisk helse 20. oktober

- Det ligg godt til rette for å drive tur- og friluftslivaktivitetar i Nordhordland
- Utvide ullveka til å lage ei «ullrute» i regionen
- Store skjermar utplassert i alle kommunane, på kjøpesentra og liknande, som viser alle kulturaktivitetane som går føre seg i Alver
- Stort fellesarrangement: Idretts- og kulturgalla for Alver. Alternativt kvart fagområde har eigne konferansar, idrett, musikk osb.
- Sykkelprosjekt som bind saman Alver.
- Utvida Eikanger Bjørsvik sitt «sommarspel» til å gjelde alle barn i Alver kommune
- Fint om vi kan vise kva vi kan i andre kommunar, reise ut (av den gamle) kommunen for å underhalde
- Mållaga har tradisjon for å samarbeide over kommunegrensene. Fin måte å klare litt større arrangement på
- Mållaget ønskjer å lage til eit stort arrangement i samarbeid med revy, forfattarar mfl. «Ivar Aasen på Strilandet» - forprosjekt i 2019.
- Det som bind den nye kommunen saman er sjøen. Lat oss laga «signingsferder» med båt, til dømes Bruvik eller ein annan båt. På stoppa rundt om i dei gamle kommunane kan ein ha kunstutstillingar, musikkarar, revyinnslag, med meir.
- Mjåtvitelva har ein spesiell type musling som folke kan få vite litt om.
- Me må tenkje på kva som er felles kultur for våre kommunar. «Stein på stein» vart lansert på Frekhaug. Flotte steinbygningar er spesielt for våre kommunar. Ein kunne ha laga ein felles tur rundt i kommunane og sett på steinbygningar, mellom anna potekjellarar.
- Bussturar til gardstun i Alver
- Ungdom: Bruk sosiale media
- Viktig å få ungdom til å bli stolt av strilemålet. Frode Grytten har hatt eit prosjekt som har vist ungdom korleis dei kan skrive twitternoveller. Ein idé for Alver?
- Ikkje gløym at Nordhordland er eit varemerke. Me må ikkje bli oss sjølv nok
- Oppfinnarverkstad for ungdom – tema klima
- Arrangement som fremjar inkludering
- Arrangement med politikarar- kva tenkjer dei om kulturen i Alver
- Arrangement med uventa vendingar
- Kurs i lagsarbeid for ungdom
- Levande museum
- Forfattarmøte
- Litteraturfestival
- Lære å skriva lyrikk- ungdom
- Skrivekunsttilbod
- Arrangement for å presentere de me har
- Nordhordland museum
- Humørfestival
- Matfestival
- Musikkfestival
- Mjølkerampetur
- Kulturelt rebusløp
- Profesjonelt kulturtild
- Familiedag ved sjøen, tur på sjøen

- Brettspelturnering
- Kulturdagar
- Friluftslivarrangement
- Roturar
- Padleturar
- Museumvandring
- Temaveker (til dømes dans, friluftsliv, museum)
- Utstilling der kunstnarar viser kva som er i Alver
- Konsert med mannskor
- Tangentfestival-kurs
- Konsertar med anna enn korps
- Open gard
- Karneval
- Arrangement som viser kva som er typisk for kvar kommune
- Tema-arrangement med til dømes språk
- Kultur langs den indre farleia eller andre tema
- Kulturstafett jf. Meland
- Sykkeløp for familiar
- Torgdagar (made in Alver)
- Fleire store ungdomsarrangement
- Skjellangerdagen
- Viktig med arrangement som er nærmst der ein bur!
- Turar der ein vert kjend med natur og kultur langs ei løype
- Litteraturfestival der alle kan delta
- Kystogevekene
- Samlingar med leik t.d. ballspel, spel, idrett for alle
- Konsertar i lokalmiljøet
- Kunstudstillingar
- Styrke nynorsken i barnehagar og skuler i Alver
- Oversikt over kva folk driv med
- Viktig å få fram det lokale kunst og kulturliv
- Heim for ein 50 lapp er viktig

Ref.: Katarina Birkeland